



Brede og Danni i fokus etter konserten. Fotografen er Elias Sperstad, GD. (Foto: Bente Lærum Aamodt)

**”- Talentet overgår seg sjølv..... han set standarden for den to timar lange konserten som fyller gudshuset med himmelsk stemning”. Det skreiv lokalavisa Gudbrandsdølen Dagingen om 14 år gamle Brede Aamodt etter konserten saman med verdsstjerner i Nordberg kyrkje under countryfestivalen i Skjåk for tre veker sidan**



Brede syng for mor Bente ved fritidsbustaden på Ytre Eik. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Etter songen fekk han kyss på kinnet av sjølvaste Danni Leigh frå Virginia, USA..

Den unge og lovande songaren er halv uskedeling.

Faren er skjåkværen Terje Aamodt. Mora er uskedelingen Bente Lærum Aamodt, som sist haust var ordførarkandidat for Arbeidarpartiet i den turre Ottadalsbygda utan å lukkast. No nyt ho nok ein gong sommarferien i familien sin feriebustad på Ytre Eik og yngstemann Brede er ivrigare etter å ta ein song til eige gitar-akkompagnement enn han har vore nokon gong. Festivaluksessen har inspirert både han og mora skikkeleg sjølv om det naturleg nok er for tidleg å spå ei songkarriere.

- Eg har vore omtala både i GD og lokalavisa Fjuken fire gonger på to månader, seier ein opprømt Brede, som song "The River" og ""If tomorrow never comes" i kyrkja.

Den første skikkelege, offentlege debuten hans som songar skjedde så seint som 1. mai i år. Mora var i beit for ein songar under det tradisjonelle arrangementet, men så kom Endre med tilbodet: - Eg kan syngja for deg!. Og det gjorde han til gagns. Han runda effektivt av talen til fylkesvaraordførar Reidun Gravdal med "Let it be". – det var den ennaste songen han kunne skikkeleg då.

Rundt 1. juni starta han innøvinga av dei to klassikarane til kyrkjekonserten etter å ha vorte rekruttert til den gjennom kulturskulen.

- Før har eg ikkje sunge, eg har berre spela bass saman med tre kompisar i bandet "Gjaksband". Vi har vore både på Otta og i Vågå, fortel Brede.

Men mora legg til at Brede eigentleg har sunge sidan han var ein neve stor og ikkje minst har utfalda seg under dei åtte timer lange turane frå Skjåk til ferieparadiset i Uskedalen. Det har gjort ferda over fjell og vidde atskilleg stuttare!

- Det er mora som bestemmer kva eg skal syngja og det er OK, seier Brede. Bente strekar under at det er viktig å finna songar som han kjenner seg trygg i og som ikkje sprengjer stemmekapasiteten hans slik at han "sprekk". Men førebels skal Brede, som er yngst i ein ungeflokke på fem, nyta feriegledene i Uskedalen.

Mora skal for sin del slappa av frå lokalpolitikken.

- Politikken går sin skjeve gang i Skjåk utan deg?.

- Jau, "skjeve gang" er verkeleg det rette uttrykket. Det skjer ingenting, seier Bente med adresse til fleirtalskoalisjonen som vipa henne av pinnen.

Av Ola Matti Mathisen



Eit songtalent frå Skjåk og Uskedalen – kor langt kan han nå? (Foto: Ola Matti Mathisen).